

KLUBBHANDBOK

FOR

LÆRDAL IDRETTSLAG

Innholdsoversikt

Innleiing

Kap 1 Kort om Lærdal Idrettslag

- 1.1 Grunnlagsopplysningar for Lærdal IL
- 1.2 Historie

Kap 2 Organisasjonsplan for Lærdal Idrettslag

- 2.1 Innleiing
- 2.2 Overordna visjon og verdiar
- 2.3 Formålet til Lærdal IL
- 2.4 Visjon til Lærdal IL
- 2.5 Verdigrunnlag til Lærdal IL
- 2.6 Handlingsplan til Lærdal IL
- 2.7 Organisasjonskart til Lærdal IL
- 2.8 Årsmøtet til Lærdal IL
- 2.9 Årsmelding
- 2.10 Oppgåver og ansvar i samband med årsmøtet
- 2.11 Valkomité i Lærdal IL
- 2.12 Kontrollutval i Lærdal IL
- 2.13 Styre i Lærdal IL
- 2.14 Gruppene i Lærdal IL

Kap 3 Etikk, retningslinjer og HMS i Lærdal Idrettslag

- 3.1 Etske retningslinjer i Lærdal IL
- 3.2 Generelle retningslinjer i idretten
 - 3.2.1 Publisering av bilde og film
 - 3.2.2 Databehandling og personvern
 - 3.2.3 Reglar om barneidrett
 - 3.2.4 Seksuell trakassering og overgrep
 - 3.2.5 Rein idrett
 - 3.2.6 Alkohol
 - 3.2.7 Røyk og snus
 - 3.2.8 Politiattestar
 - 3.2.9 Dugnad-retningslinjer og køyrereglar
 - 3.2.10 Retningslinjer ved reise og overnatting
- 3.3 Beredskap/HMS i Lærdal IL
- 3.4 Bruk av idrettshall på Lærdalsøyri
- 3.5 Bruk av gymsal på Ljøsne
- 3.6 Bruk av lysløype

3.7 Bruk av skeisebane

Kap 4 Økonomihandbok for Lærdal Idrettslag

4.1 Økonomiansvar i Lærdal IL

4.2 Lovar og reglar

4.3 Budsjett

4.4 Rekneskap

4.5 Finansiering/inntekter

4.6 Utgifter/kostnader

4.7 Kostnadsdekning for reiser/arrangement i lagets regi

4.8 Retningslinjer for kostnadsdekking av reiser frå hovudlaget

4.9 Forsikring av aktive utøvarar

Kap 5 Profilhandbok for Lærdal Idrettslag

5.1 Profilen vår

Innleiing

Alle idrettslag er pliktige til å ha ein organisasjonsplan. Organisasjonsplan skal leggjast fram og handsamast som eiga sak på årsmøtet, jf Lov for Lærdal Idrettslag §16, pkt 13.

Organisasjonsplan skal regulere laget sin interne organisering og sikre best mogeleg effektiv utnytting av laget ressursar. Dette for å nå dei ambisjonar og mål som er definert for laget.

Anbefalt innhald er;

- *Organisasjonskart*
- *Instruks for styret, valkomité og kontrollutval*
- *Funksjon og mandat for grupper*

Lærdal IL har samla organisasjonsplan, funksjonar med ansvar og mandat i denne klubbhandboka.

Klubbhandboka skal svare på dei viktigaste spørsmåla om Lærdal IL, og gjera det enkelt å finne ut av kva som gjelder internt i klubben. Den skal sikre at det er kontinuitet i det som blir bestemt og gjort. Klubbhandboka til Lærdal IL skal gjere det lettare å ta på seg verv og være utøver. Handboka skal være et arbeidsverktøy for alle medlemmer, utøvarar, foreldre, tillitsvalte, trenarar og dommarar.

Gruppene kan bruke utdrag av klubbhandboka for skriv til sine grupper etc

Kontakt leiar i styret dersom du ser at noko som er utdatert eller om du har ny informasjon som bør omtalast, eller klargjerast

Kap 1 Kort om Lærdal Idrettslag

1.1 Grunnlagsopplysningar for Lærdal IL

Namn:	Lærdal Idrettslag
Stifta:	1937
Idrett:	Fleiridrettslag
Internettadresse:	www.laerdal-il.no
Organisasjonsnummer:	983 043 194

Teken opp som medlem i Norges idrettsforbund (NIF):

Registrert tilknytning til Vestland Idrettskrins.

Registrert tilknytning til Fotballforbundet, Skiforbundet, Skøyteforbundet, Symjeforbundet, Bandyforbundet, Håndballforbund, Bryteforbundet, Friidrettsforbund, Gymnastikk- og Turnforbundet

1.2 Historie

Lærdal Fotballklubb vart skipa den 20.mai 1937. Dette er forløparen for Lærdal Idrettslag. I det fyrste styret sat;

Per Hjermann, formann
Olaf Olsen
Alf Olsen
Johannes Kvamme
Per Offerdal

Det var nok ulike Idrettsaktivitetar i Lærdal før skipinga av Lærdal Fotballklubb. Mellom anna kjenner ein til at det var skipa til skiaktivitetar i Sluppen på 30-talet. I boka "Skiidrett i Sogn og Fj" - er det ei resultatlista frå eit slikt renn i Lærdal. Vidare veit ein at det var turngrupper i aktivitet. Fotballaktiviteten kom i gang på 30-talet og laget vart skipa i 1937 med fotball som aktivitet.



Eldste bilete av fotball-laget - teke i 1938 på gamle fotballbana med kyrkja i bakgrunnen.

Framme f.v : Knut N Årethun , målmannen Sølfest Thomassen og Hans Hille.

Bak f.v : Hans Offerdal, Odd Forthun, Hallvard Hiller, Olaf Olsen, Jørgen Vee, Alf Olsen, Mattis Klíngenberg og Johannes Kvamme.

Aktiviteten i dei to åra før krigsutbrotet var truleg mindre enn 10 kampar i året. Etter krigen starta laget oppatt i 1945. I perioden 46-48 var det bra aktivitet med 10-15 kampar for året. Best var 1947-sesongen - då tok laget 8 singlar på 13 kampar.

I 1946 vart namnet til laget endra frå Fotballklubb til Idrettslag. Nye idrettar som kom til gjorde dette nødvendig. Dei nye idrettane var handball og ski. På 50-talet kom friidrett og skeiser med.

For meir informasjon viser me til;

1. *Tilbakesyn på Lærdal si idrettssoge fram til 70-talet (utgjeve 2017). Magnar Ljønsne*
2. *Tilbakesyn på Lærdal IL si historie. Del 2 frå 1070 (utgjeven 2021). Magnar Ljønsne*


Idrettssoga kan kjøpast hjå laget

Kap 2 Organisasjonsplan for Lærdal Idrettslag

2.1 Innleiing

Organisasjonsplan skal regulerer den interne organiseringa i laget, og avklare ansvar og mynde i laget. Til grunn for arbeidet ligg «Lov for Lærdal Idrettslag» med endringar sist vedteken i årsmøtet 9.mars 2021, sjå [Lov-for-Laerdal-IL-vedteken-09.03.21-1.pdf](#)

Dei overordna rammene for laget er vist i følgjande figur;



2.2 Overordna visjon og verdier

Lærdal IL er tilslutta Norges Idrettsforbund og olympiske og paraolympiske komité (NIF) som har som formål:

«NIF skal arbeide for at alle mennesker gis mulighet til å utøve idrett ut fra sine ønsker og behov, og uten å bli utsatt for forskjellsbehandling»

NIFs visjon er: Idrettsglede for alle

NIFs verdier er: Fellesskap, mestring, ærlighet

Dette ligg til grunn for all aktivitet i Lærdal IL sin organisasjon, og presisert i det etterfølgjande.

2.3 Formålet til Lærdal Idrettslag

Lærdal IL skal være ein open og demokratisk organisasjon der formålet er å drive idrett organisert i NIF. Lærdal IL er sjølvveigande og frittstående med berre personlege medlemmer.

2.4 Visjon til Lærdal Idrettslag

Lærdal IL skal vere eit fleiridrettslag med som legge til rette for sunne gode aktivitetar og haldningar for alle aldersgrupper, på alle nivå for funksjonsfriske og funksjonshemma.

Visjon er: ***På lag med bygdi***

Lærdal IL skal vere ein viktig samfunnsaktør i Lærdal Kommune.

2.5 Verdigrunnlag til Lærdal Idrettslag

Me legg følgjande til grunn for våre verdiar og haldningar;

Open – Ærleg – Lojal

Det er felles verdiar som skal vere godt forankra og vere godt synlege i alt arbeid i laget og skal;

- *Skape fellesskapsfølelse og godt miljø*
- *Skaper lojalitet og engasjement*
- *Skape mening og motivasjon*
- *Auke ansvarsfølelsen*
- *Vera miljømedvetne*
- *Ha høg kompetanse og handlekraftig*

Det dannar grunnlag for all kommunikasjon og samhandling både internt og eksternt i laget.

2.6 Handlingsplan til Lærdal Idrettslag

Lærdal IL vil arbeida arbeide for:


- *Lærdal IL skal være hovudaktør for utvikling av idretten til ein viktig breidde- og konkurranseidrett i vårt lokalmiljø*
- *Lærdal IL skal være ein effektiv serviceytar for medlemmene og eit talerøyr overfor særforbund, idrettskrets, idrettsråd og lokale myndigheiter.*

Lærdal IL skal ha medlemmer og aktive som er stolte av å vere medlemmer i laget og som gjev sitt bidrag for å nå Lærdal IL sin visjon

Årlege handlingsplanar, inkl korrigering av langsiktige handlingsplan, vert fremma av styret og vedteken av årsmøtet. Handlingsplan vert publisert på heimesida til laget.

2.7 Organisasjonskart til Lærdal Idrettslag

Per år 2024 er Lærdal IL organisert som følgjer;



Handballgruppa er per i dag ikkje aktiv.

Hovudstyret i Lærdal IL er sett saman av styret og leiar i dei ulike sær idrettsgruppene.

Namn på styrerepresentantar ligg på heimesida til Lærdal IL; www.laerdal-il.no

2.8 Årsmøtet i Lærdal Idrettslag

Årsmøte sine mandat, plikter og oppgåver er;

- *Årsmøtet er Lærdal IL si høgaste myndigheit.*
- *Årsmøtet vert helde ein gang i året, i mars månad, som fastsett i lova.*
- *Protokollen frå årsmøtet vert sendt til Vestland Idrettskrins. Protokollen kan leggest ut på Lærdal IL sine nettsider.*
- *Innkalling til årsmøtet skal skje 1. månad før årsmøtet vert helde.*
- *Innkalling annonserast på nettet og/eller i aktuell avis*
- *Innkome forslag skal være styret i hende 2 veker før årsmøtet og sakspapira skal gjerast kjent 1 veke før.*
- *Årsmøtet er for medlemmer i klubben, dvs. dei som har betalt medlemskontingenten. Foreldre/forsette har ikkje fullmakt til å stemme for medlemmer under 15 år.*
- *Årsmøtet legg grunnlaget for styret sitt arbeid gjennom årlege handlingsplanar, og alle som ynskjer å bli med å bestemme korleis Lærdal IL skal drivast bør stille på årsmøtet.*
- *Årsmøtet skal gjennomførast slik det er fastsett i lovas årsmøteparagraf § 14, 15, 16 og 17.*

2.9 Årsmelding

Ei årsmelding skal gi eit bilete av lagets/gruppa sitt arbeid for det siste året.

Idrettslaget har ein mal for årsmelding, men den må tilpassast aktiviteten i kvar enkelt gruppe. Det er viktig at alle namn blir skrevet fullt ut. Følgjande mal bør følgjast;

- a. *Perioden årsmeldinga gjelder*
- b. *Styret/gruppa si samansetning*
- c. *Spesielle utval og komitear*
- d. *Tall styremøte og evt andre møter/tilstellingar/i løpet av året*
- e. *Viktige saker som er handsama og jobba med i løpet av året*
- f. *Tall aktive utøver, trenere, oppmenn, dommare og evt andre verv i gruppa*

- g. *Har det vore deltaking på eller eigne arrangerte kurs? I så fall kva kurs og kor mange deltok?*
- h. *Har gruppa hatt arrangement?*
- i. *Økonomi*
- j. *Styrets kommentarar*

2.10 Oppgaver og ansvar i samband med årsmøtet

Gruppene held sine årsmøte i god tid før årsmøtet til hovudlaget. Gruppene og styret har følgjande oppgaver før årsmøtet:

Arbeidsoppgaver for gruppene	Frist
Avklare om nokon verv skal skiftes ut. Gruppa har sjølv ansvar for å finne nye kandidatar til ledige verv.	Desember/januar
Gi beskjed om forslag til nye verv/nytt styre til leiar som igjen tek kontakt med valkomitéen. (Valkomitéen legg fram si innstilling til kandidatar for årsmøtet i gruppa)	Februar
Send ut innkalling til årleg møte minimum 1 veke før møtet skal gjennomførast.	Januar/februar
Det årlege møtet skal gjennomførast minst en måned før årsmøtet til idrettslaget.	Januar/februar
Utarbeide årsmelding for det føregåande året	1. Mars
Utarbeide handlingsplan for det neste året	1. Mars
Utarbeide budsjett for det neste året	1. Mars
Deltaking på årsmøtet i idrettslaget	I løpet av mars
Oppdatere våre nettsider med nytt gruppestyre	I løpet av mars

Arbeidsoppgaver for styret	Frist
Avklare om noko verv skal skiftes ut både i hovudlaget	Desember/januar
Gi beskjed om forslag til nye verv/nytt styre til valkomitéen. (Valkomitéen legger fram sin innstilling til kandidatar for årsmøtet)	Februar
Legg ut invitasjon til årsmøtet 1 måned før det skal gjennomførast på heimesida, FB og Kva Skjer i Lærdal. Legg inn info om frist til å sende inn nye saker til årsmøtet. Bestille lokale til årsmøtet.	Februar
Utarbeide årsmelding for det føregåande året	Februar
Gjennomgang av årsregnskap av regnskapsfører på styremøtet i februar	Februar
Alle i hovudlaget må signere årsmelding på styremøtet i februar	Februar
Utarbeide handlingsplan for det neste året	1. Mars

Utarbeide budsjett for det neste året	1. Mars
Samle alle årsmeldingar/handlingsplanar/budsjett fra både hovudlag og grupper til et dokument.	Før årsmøtet
Lage sakliste og legg den ut saman med alle andre årsmøtepapir på heimeside	Minst ei veke før årsmøtet
Arrangere årsmøtet	Mars
Oppdatere våre nettsider med nytt styre	Mars
Rapportere nytt styre til Brønnøysundsregisteret	Mars

2.11 Valkomit  i L rdal Idrettslag

Valkomiteen har ei viktig rolle for   sikre drift av klubben gjennom   finne personar med rett kompetanse til styret. Valkomiteen si oppg ve er   f rebu ei innstilling til nye verv for  rsm tet. Dette er lovfesta i Lov for L rdal Idrettslag, sj  www.laerdal-il.no

Valkomit�en består av ein leiar og to medlemmer. Alle vert valt for 2 �r.
Hovudlaget består av 6 styremedlemmer og 2 vara. Laget skal ha en leiar, en nestleiar, kasserer, sekret�r og 2 styremedlemmer. Alle vert valt for 2 �r, men leiar skal veljast for eit �r i gongen.
Gruppene skal ha minimum 3 styremedlemmer, en leiar, en nestleiar og en kasserer. Alle vert valt for 2 �r.
Kontrollkomiteen består av 2 medlemmer og ein vara. Alle vert valt for 2 �r.

Valkomiteen plikter:

-   diskutere med styret om moglege endringar i styret sin samansetning
-   halde seg informert om, og diskutere med medlemmene om ulike kandidatar for styreoppdrag, og s leis f  greie p  om  nska personar har kunnskap, tid og interesse for oppdraget.
- f r  rsm tet, p  det tidspunkt vedtektene bestemmer, levere skriftleg forslag p  kandidatar som skal leggast fram p   rsm tet,
- under  rsm tet   presentere valkomiteens forslag.

2.12 Kontrollutval i L rdal Idrettslag

Kontrollutvalet har f lgjande oppg ver;

- *Kontrollere at idrettslaget sin aktivitet vert driven i samsvar med idrettslaget og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak.*
- *Ha eit s rleg fokus p  at idrettslaget har forsvarleg forvaltning og  konomistyring, at laget sine midlar vert nytta i samsvar med lover, vedtak, og  konomiske rammer.*
- *F  alle forslag til vedtak som skal handsamast p   rsm tet, og gje uttale til dei saker som ligg innanfor kontrollutvalets arbeidsomr de.*

- *Føra protokoll over sine eigne møter; utarbeide rapport til årsmøtet og foreta rekneskapsrevisjon.*

Kontrollutvalet skal ha tilgang til alle opplysningar og dokument som utvalet vurderer som naudsynt for å utføra oppgåvene sine

2.13 Styret i Lærdal Idrettslag

Årsmøtet bestemmer styrets samansetting i samsvar med Lov for Lærdal Idrettslag. Årsmøtet vel leiar. Rollar til styremedlem vert fordelt på det første styremøtet etter årsmøtet der hovudlaget konstituerer seg.

Styret er Lærdal IL si høgste myndigheit mellom årsmøta. Gruppene står for dagleg drift av aktivitetar og dagnader, og hovudlaget skal være eit overordna kontrollorgan for aktiviteten i undergruppene

Styret sine hovudoppgåver er knytt til tre områder;

Ansvarsoppgåva	Ressursoppgåva	Strategioppgåva
Følgja opp idrettens regelverk og styret sitt ansvar	Leia, organisere og arbeide med idrettslaget sine ressursar for å ta vare på medlemmane og utvikle klubben vidare	Idrettslaget sine felles ambisjonar, skape føresetnad for å lykkast, lage plan for arbeidet, kommunisere og følgje opp planen

Lovpålagte oppgåver for hovudlaget:

- *Sette i verk årsmøtet og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak.*
- *Sikre at idrettslaget sine midlar blir brukt og forvalta på en forsvarleg måte, og i samsvar med dei vedtak som er gjort på årsmøtet eller i overordna organisasjonsledd.*
- *Sørge for god og forsvarleg økonomistyring.*
- *Etter behov sette ned komitear, utval eller personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for deira funksjon.*
- *Representere idrettslaget utad.*
- *Peike ut ein som er ansvarleg for politiattestar.*
- *Peike ut ein som er ansvarleg for barneidretten.*

Andre viktige oppgåver:

- *Sikre at idrettens retningslinjer for aktiviteten i idrettslaget blir følgt*
- *Stå for idrettslaget si daglege leiing*
- *Arbeidsgjeveransvar for eventuelt tilsette.*
- *Nemne opp personar som i fellesskap skal disponere idrettslagets kontoar og sørge for at idrettslaget har underlagsforsikring.*
- *Engasjere regnskapsfører.*
- *Lage årsmelding frå hovudlaget til årsmøtet*
- *Lage handlingsplan og budsjett for påfølgande år til årsmøtet*
- *Styret innstiller forslag til satsar på medlemskontingent til årsmøtet som vedtar kontingentnivået for neste år.*

Leiar

- *Er Lærdal IL sitt ansikt utad, og Lærdal IL sine representantar i møter og forhandlingar, om ikkje styret har utpeika nokon andre.*
- *Står for Lærdal IL si daglege leiing, koordinerer styret og Lærdal IL sin totale aktivitet.*
- *Innkallar til styremøte, forbereder saker og leia møta*
- *Mål- og strategiarbeid i laget.*
- *Lage møteplan for året.*

Nestleiar

- *Fungere som leiar under leiaren sitt fråvær, og bør derfor være valt med tanke på at han/ho kan rykke opp som leiar på eit seinare tidspunkt.*
- *Har elles definerte oppgåver, på same måte som eit ordinært styremedlem*

Sekretær

- *Føre referat over alle styremøta og medlemsmøte*
- *Send referat til møteleiar for gjennomlesing.*
- *Distribuere referatet og sikre arkivering*
- *Lage oversikt over styret sine medlemmer, og sende det ut til alle medlemmane.*

Kasserer

- *Disponerer Lærdal IL sine midlar og har fullmakt til Lærdal IL sine bankkontoar*
- *Har kjennskap til kontoplan og fører rekneskap i samsvar med denne*
- *Tilvise utbetalingar saman med leiar.*
- *Til ei kvar tid ha oversikt over Lærdal IL sin økonomiske situasjon.*
- *Sette opp resultatrekneskap ved sesongslutt og sende det til revisjon/kontrollutval i god tid før årsmøtet.*
- *Lærdal IL sitt hovudrekneskap vert per år 2024 ført av Økonomiservice AS.*

Styremedlemmer

- *Møter på styret sine styremøter*
- *Vert tildelt konkrete oppgåver etter styrevedtak.*
- *Kan være valt til særskilte oppgåver, som t.d. informasjon/web, sponsoransvarlege, materialforvaltar og liknande.*

Møteførebuing

- *Saklista skal bestå av både vedtakssaker og orienteringssaker.*
- *Økonomisk status bør være eiga sak 2 gonger i året.*
- *Nye saker må sendast inn til leiar minst ei veke før styremøtet.*
- *Sakliste skal sendes ut minimum ei veke før styremøtet.*

På styremøtet

- *Styret skal holde møte etter møteplan.*
- *Forfall skal meldast til leiar.*
- *Leiar i laget er møteleiar*
- *Saker til eventuelt meldes ved møtestart.*
- *Saker som krev vedtak eller utgreiing kan som hovudregel ikkje takast opp under eventuelt.*
- *Styret er vedtaksført når et fleirtal av styret sine medlemmer er til stade*
- *Vedtak blir fatta med fleirtal av de avlagte stemmene. Ved likt stemmetal tel møteleiar stemme dobbel.*

Referat

- *Referat frå styremøtet skal lesast gjennom av møteleiar før distribusjon.*
- *Referat frå styremøte skal godkjennast på det neste styremøtet.*
- *Godkjent referat blir distribuert til hovudstyret og gruppeleiarane samt lagt ut på heimesida*

Anna

- *Styremøtet kan gjennomførast på e-post, telefon eller Teams eller liknande digital plattform.*
- *Det skal alltid skrivast referat frå møta.*
- *Det må avklarast på styremøte om nokon er inhabile i nokon av sakene før handsaming og vurderer om det skal protokollførast.*

2.14 Gruppene i Lærdal Idrettslag

Alle gruppene er underlagt hovudlaget og skal følge idrettslaget sine overordna retningslinjer og lover.

Dette er ein generell oversikt over aktuelle oppgåver i gruppene. Driftsform og organisering vil variere i gruppene ut frå størrelse og aktivitet. Dei enkelte gruppene må tilpasse aktiviteten til eiga drift, men kan bruke denne som rettleiing i utarbeiding av egne rutinar.

Generelle oppgåver:

- *Holde minst årleg møte i gruppa, minst ein månad før årsmøtet*
- *Skrive årsmelding for føregåande år.*
- *Årleg rapportering av nytt styre til styreleiar og valkomité i forkant av årsmøte.*
- *Gruppa er ansvarleg for eigen drift og økonomi, og fastsett gruppa sine treningsavgifter.*
- *Gruppene har ansvar for at alle aktive utøvarar er registrert i www.minidrett.no*
- *Kasserer i gruppene sender billaga til regnskapsfører minst to gonger i året som fører rekneskapen for heile idrettslaget.*
- *Årsrekneskapen blir lagt frem til godkjenning av årsmøtet.*
- *Budsjett for året skal godkjennast av årsmøtet.*
- *Det er hovudstyret som inngår sponsoravtaler. Gruppene må avklare med styret i forhold til å inngå egne sponsoravtaler. Se meir om sponsorarbeid i kapittel 5*

Funksjoner i gruppestyret

- *Gruppestyret skal i følge lov for Lærdal IL ha minimum 3 styremedlemmer med rollene leiar, nestleiar og kasserer.*
- *Andre funksjoner i gruppene kan vera sekretær, medlemsansvarleg, materiellansvarleg, dugnadsansvarleg og dommaransvarleg.*
- *Det bør utarbeidast egne «stillingsinstruksar» for de ulike funksjonane*
- *Medlemsansvarleg i gruppa er ansvarleg for ajourføre medlemslistene og vedlikehalde kontaktinformasjon på disse og hjelpe til ved fakturering av medlemskontingent og utsending av informasjon om medlemskapet*

Kap 3 Etikk, retningslinjer og HMS i Lærdal Idrettslag

3.1 Etske retningslinjer i Lærdal IL

I det dagleg gjelder;

For foreldre/føresette;

- *Det er frivillig å være medlem av Lærdal IL, men er du med følger du våre reglar*
- *Engasjer deg, men hugs at det er barna som driv idrett – ikkje du*
- *Respekter trenaren sitt arbeid.*
- *Lær barna folkeskikk og gå føre som eit godt eksempel*
- *Lær barna å tåle både medgang og motgang*
- *Motiver barna til å være positive på trening*
- *Vis god sportsånd og respekt for andre.*
- *Ved usemje snakkar du med den det gjelder – ikkje om den det gjelder.*
- *Husk at det viktigaste av alt er at barna trivast og har det moro!*

For aktive:

- *Gode haldningar og respekt for kvarandre*
- *Lojalitet mot klubb og trenar*
- *Hjelpe og stille opp for kvarandre*
- *Møt på treningar og stemner du har forplikta deg til.*
- *Vise engasjement og gode arbeidshaldningar.*
- *Stoltheit av eigen innsats.*
- *Mobbing er ikkje akseptabelt*

For trenere:

Som trenar skal du bidra til;

- *Fremma meistring, sjølvstende og tilhøyrighet for den aktive.*
- *Positive erfaringar med trening og konkurranse*
- *Skapa eit godt sosialt miljø, lagånd og vennskap*
- *Legga til rette for at utøvar skal kunne drive idrett i fleire greiner.*
- *Samarbeid og god kommunikasjon med andre trenarar, leiarar og foreldre.*
- *Væra eit godt forbilde, vise god sportsånd og respekt for andre*
- *Møt presis og godt budd til kvar trening.*
- *Kvar aktiv eller gruppe skal utfordrast til å utvikle sine ferdigheiter.*

Innhaldet i og på trening skal vera prega av;

- *Ein målretta plan*
- *Progresjon i oppleving og ferdigheiter*
- *Stadig nye utfordningar slik at utøvaren flytter grenser*
- *Effektiv organisering*
- *Sakleg og presis informasjon*
- *Kreative løysningar*
- *Fleksibilitet ved problemløysing*
- *Som trenar er du ansvarleg for god kommunikasjon*

Fair play – for trenarar og leiarar

Som trener og leiar har du ansvar for at aktiviteten vert utført i den rette Fair Play-ånd. Du skal sørge for at dei aktive har god kjennskap til reglar og retningslinjer, og at disse vert følgt.

Det er ditt ansvar som trener eller leiar at dei aktive forstår:

- *Dommaren sin situasjon og funksjon*
- *At dommarane må ta raske val – og dermed ikkje kan være feilfrie*
- *Betydinga av å ikkje over reagere på dommaravgjersla og at det er dommaren sin avgjersle som tel.*
- *Det er bortkasta å pådra seg straff for kjeftbruk*
- *Det er viktig å følge regelverket - det tenar alle parter, og dermed også aktiviteten.*

Fair Play - for føresette og foreldre

Føresette, foreldre og besteforeldre er ein viktig ressurs. Ta ansvaret og tenk over følgande:

- *Din interesse og oppfølging betyr mykje for barn og unge*
- *Likeverd, aksept og inkludering må gjelde i alle idrettsaktivitetar*
- *Verdsett opplevinga, god oppførsel og lagånd høgt.*
- *Respekter trenaren sin bruk av spelarar– ikkje kritiser trenaren sine avgjer.*
- *Dommaren prøver også å gjere sitt beste – ikkje kritiser dommarens avgjer.*
- *Resultatet må ikkje bli for viktig - den enkelte aktive si meistring har også stor betyding*
- *Gje oppmuntring til alle spelarane - ikkje berre dine kjente*
- *Stimuler til deltaking – utan form for press*

3.2 Generelle retningslinjer i idretten

Norges idrettsforbund har utarbeida retningslinjer som gjeld for alle medlemmer i norsk idrett. Dette er retningslinjer og verdiar som alle medlemmer i Lærdal IL skal etterleva.

Brot på retningslinjene og eller andre forhold knytt til desse skal varslast til leiar i hovudlaget, eller i samsvar med varslingsrutinane for det aktuelle punktet.

3.2.1 Publisering av bilde og film.

Norges idrettsforbund ønskjer å sette søkelyset på kva reglar som gjelder for publisering av bilde og film av våre medlemmer på nettsider, i sosiale media og i andre publikasjonar. Idrettsforbundet har laga nokre enkle retningslinjer for å bevisstgjere trenarar, leiarar, frivillige og føresette av barn i idrettslag.

Sjå; www.idrettsforbundet.no/tema/retningslinjer/retningslinjer-for-publisering-av-bilder-og-film-av-barn/

3.2.2 Databehandling og personvern

Nye EU-regler og oppdatert norm for behandling av personopplysningar og informasjonssikkerheit får betydning for alle organisasjonsledd i norsk idrett.

Idrettsstyret vedtok 14. desember 2017 ein ny norm for behandling av personopplysningar og informasjonssikkerheit i idretten.

Sjå; www.idrettsforbundet.no/om-nif/personvern-i-idretten/

3.2.3 Reglar om barneidrett

Norges idrettsforbund vedtok reglar om barneidrett på Idrettstinget 2015.

1. Barneidrett er idrettsaktivitetar for barne til og med det året dei fyller 12 år.
2. For konkurransar i barneidretten gjeld følgjande:
 - a) *Barn kan delta i lokale konkurransar og idrettsarrangement frå det året dei fyller 6 år, og først og fremst i egen klubb.*
 - b) *Barn kan delta i regionale konkurransar og idrettsarrangement frå det året dei fyller 9 år.*
 - c) *Barn kan frå det året dei fyller 11 år delta i opne konkurransar og idrettsarrangement i Norge, Norden og Barentsregionen.*
 - d) *Barn frå nordiske land og Barentsregionen kan frå det året dei fyller 11 år delta på konkurransar og i idrettsarrangementet i Norge.*
 - e) *Det kan nyttas resultatlister, tabeller og rangeringer i konkurransar for barn fra det året de fyller 11 år, dersom dette er formålstjenlig.*
 - f) *Barn til og med det året det fyller 12 år ikke delta i meisterskap som NM, EM, VM og tilsvarande.*
 - g) *Alle barn skal få premie i et idrettsarrangement dersom premiering skjer.*
3. Idrettslag som organiserer barneidrett skal ha oppnemnd ein person som er ansvarleg for barneidretten.
4. Et særforbund kan utforma egne regler som utfyller reglane ovanfor innafor ramma av sin idretts eigenart. Reglene skal godkjennast av Idrettsstyret eller den Idrettsstyret gir fullmakt.

Sjå meir utfyllande informasjon; www.idrettsforbundet.no/tema/barneidrett/

3.2.4 Seksuell trakassering og overgrep

Seksuelle overgrep og seksuell trakassering er totalt uforeinleg med idretten sine verdiar. Det er nulltoleranse for diskriminering og trakassering uansett kjønn, etnisk bakgrunn, livssyn, seksuell orientering og funksjonshemming i norsk idrett. Det er eit viktig mål å utvikle toleranse og forståing for alle menneske si likeverd for å unngå diskriminering, trakassering og hets. Alle i idretten bør jobbe for å etablere trygge miljø og en trygg atmosfære for både barn, unge og vaksne. Vaksne må respektere utøvar sine personlege rom og aldri overskride grensene for akseptabel oppførsel.

Seksuell trakassering er alle form for uønska seksuell merksemd som er plagsom for den som vert ramma.

Sjå meir utfyllande informasjon;

www.idrettsforbundet.no/tema/retningslinjer/seksuell-trakassering-og-overgrep/

3.2.5 Rein idrett

Doping er misbruk av hormonpreparat, legemiddel eller metode i den hensikt å gi prestasjonsfremmende effekt. Det er spesielt viktig å være merksam på at kosttilskudd kan inneholde dopingmidler sjølv om dette ikkje er oppgitt på emballasjen.

Antidoping Norge har fleire informasjonsprogram som Lærdal IL kan benytte seg av. Sjå meir informasjon på [Rent Idrettslag](#) og [Ren Utøver](#).

På [Antidoping Norge sin hjemmeside](#) er det oversikt over legemidler opp mot WADA sin dopingliste.

3.2.6 Alkohol

Idrettens holdning til alkohol - vedtatt av Idrettsstyret sitt møte 16. mars 2004, sak 54;

- *Norges idrettsforbund skal fremstå som en organisasjon som arbeider mot bruk av alkohol i idrettslig sammenheng. (NIFs lov §11-4 i)*
- *Barn og unge som deltar i aldersbestemte klasser (under 18 år) skal møte et trygt og alkoholfritt idrettsmiljø. Trenerne, ledere og utøvere skal fremstå som gode forbilder for barn og unge og ikke nyte alkohol i samvær med utøvere i denne alder.*
- *Medlemmene i organisasjonen skal informeres om de skadevirkninger alkohol har på prestasjonsevnen, sikkerheten og det sosiale miljø.*
- *Tribunekulturen skal være trygg, familievennlig og alkoholfri. På tribunen skal det derfor ikke nytes alkohol i tilknytning til konkurranseaktiviteter. I lokaler tilknyttet idrettsanlegg gjelder de kommunale skjenkebestemmelser dersom lokalet leies ut til private. (NIFS lov §11-4 i)*
- *Idretten skal ha en restriktiv holdning til samarbeidsavtaler med bedrifter som har en vesentlig del av sin virksomhet knyttet til salg av alkoholholdige drikke/ produkter. Alle organisasjonsledd pålegges å følge norsk alkohollov med forskrifter og retningslinjer. Arenareklame og utstyrsreklame utføres iht gjeldende lovverk.*
- *Særforbund og kretser informerer underliggende ledd, herunder klubber og lag. Norsk alkohollov gjelder for alle som deltar på idrettsarrangement i Norge. Det vil si at også internasjonale aktører må forholde seg til den norske lovgivningen når de deltar på idrettsarrangement i Norge.*
- *Forbudet mot reklame for alkoholholdig drikk finner vi i alkoholovens § 9-2. All reklame for alkoholholdig drikk er forbudt. Alkoholholdig drikk er definert som drikk med alkoholinnhold over 2,50 volumprosent alkohol. I utgangspunktet rammes ikke reklame for lettøl av forbudet. Det er imidlertid forbudt å reklamere for andre varer med samme varemerke eller kjennetegn som alkoholholdig drikk. Dette stiller særskilte krav til lettølreklame.*

3.2.7 Røyk og snus

Vedtatt i Idrettsstyrets møte nr. 27 – 2007-2011 (Sak 283);

- *Norges idrettsforbund og olympiske og paraolympiske komité skal fremstå som en organisasjon som arbeider mot bruk av røyk og snus i idrettssammenheng.*
- *Barn og unge skal møte et røyk- og snusfritt idrettsmiljø.*
- *Tribunekulturen skal være røykfri.*
- *Utøvere, trenere, ledere og foreldre skal informeres om de skadevirkninger røyk og snus har på prestasjonsevne og helse.*
- *Voksne skal opptre som gode rollemodeller for barn og unge ved ikke å bruke røyk og snus i idrettslig sammenheng.*

3.2.8 Politiattestar

Lærdal IL krev politiattest av alle instruktører, trenere, tilsette og frivillige som skal utføre oppgaver for klubben som inneberer et tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming.

Det er to viktige overordnede grunner til at norsk idrett har innført en ordning med politiattest:

1. *Seksuelle overgrep mot barn er totalt uforenleg med idrettens verdigrunnlag*
2. *Norsk idrett skal være et trygt sted å være for barn, og et trygt sted for foreldre å sende sine*

Sjå heimeside til Lærdal IL om kven som er ansvarleg for politiattest.

Lærdal IL gjev ikkje oppgaver som inneber et tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming til personar som ikkje kan framvise politiattest, eller som har merknader på attesten.

3.2.9 Dugnad- retningslinjer og køyrereglar

Dugnad utgjer en svært viktig ressurs for Lærdal IL, og er heilt avgjerande for aktivitetstilbodet. Dugnadsånda er derfor viktig å ta vare på, og NIF har utarbeide nokre enkle reglar for dugnadsarbeid. Merk at dugnad gir fellesskap, og det er viktig at dette arbeidet skal opplevast som frivillig, sosialt og gøy.

Sjå meir informasjon her; www.idrettsforbundet.no/tema/retningslinjer/dugnad/

3.2.10 Retningslinjer ved reise og overnatting

Alle som representerer Lærdal IL må opptre i tråd med det klubben skal stå for, sjå verdigrunnlag og etiske reglar. Forutan det sportslege, er det et mål for alle turar i klubbens regi at alle utøvarane kjem heim med positive opplevingar.

Enkelte særforbund har utarbeida reglar for reiser etc. Meir om retningslinjene kan lesast på www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/

3.3 Beredskap/HMS i Lærdal Idrettslag

Lærdal IL har som målsetting om at alle som er involvert i idrettslaget (utøvarar, teknisk personell/funksjonera eller tilskodarar) eller det ytre miljø ikkje skal verta utsett for skade eller uønska hendingar som følgje av lagets aktivitetar.

Reiseverksemd skal reduserast ved varsel om ekstremvær. Laget følgjer kommunen eller annan offentleg myndes anbefaling ved varsel om ekstremvær.

Alle ansvarlege på kvar treningsgruppe bør ha gjennomført eit fyrstehjelpkurs kvart andre år.

Det vert arrangert årlege HMS-gjennomgang kvar haust der ein går i gjennom rutinar og retningslinjer. Eiga oversikt over beredskapsplan er utarbeida og ligg på heimesida.

3.4 Bruk av idrettshall på Lærdalsøyri

Lærdal kommune krev årleg gjennomgang av bruk av idrettshall for dei som skal bruke hallane. Lærdal kommune v/teknisk er ansvarleg for gjennomføring av brukarmøtet etter initiativ frå leiar i Lærdal IL som også lagar referat frå møta.

3.5 Bruk av gymsal på Ljøsne

Huseigar krev årleg gjennomgang av bruk av idrettshall for dei som skal bruke gymsalen. Huseigar er ansvarleg for gjennomføring av brukarmøtet etter initiativ frå leiar i Lærdal IL som også lagar referat frå møta.

3.6 Bruk av skeisebane

Det vert utarbeida eige instruks vedr bruk av skeisebana

3.7 Bruk av lysløype

Det vert utarbeida eigen instruks vedr bruk av lysløypa

Kap 4 Økonomihandbok for Lærdal Idrettslag

4.1 Økonomiansvar i Lærdal IL

Styret i Lærdal IL har det overordnede ansvaret for idrettslagets økonomi.

Økonomihandboka skal vere eit hjelpemiddel for både hovudlaget og gruppene, samt å sikra god økonomistyring og informasjon om korleis økonomirutinane til idrettslaget fungerer.

Formålet med økonomihandboka er:

- *Lærdal IL skal bruke og forvalta idrettslaget sine midlar på en forsiktig og hensiktsmessig måte og i tråd med det som er vedteke på årsmøte*
- *Lærdal IL skal ha tilfredsstillande organisering av bilagsføring, regnskapsføring og budsjetthandling*
- *Lærdal IL skal ha en forsvarleg økonomistyring*

Den overordna økonomistrategien er at drift og investeringar skal vera sjølvfinansiert gjennom inntektsbringande tiltak og eigenandeler.

Styret skal;

- *Sikre finansiering av Lærdal IL sin aktivitet til dømes gjennom sponsorbidrag, medlemsavgift, idretten sine tilskotsordningar og evt økonomiske bidrag frå andre*
- *Sikre at Lærdal IL sine midlar blir brukt og forvalta på ein forsiktig måte*
- *Sikre tilfredsstillande organisering av rekneskap og budsjettarbeidet*
- *Sikre god oversikt over bankkonto, disponering av kontoar etc*
- *Sikre at laget har underslagsforsikring*
- *Sikre årleg gjennomgang av forsikringane på utstyr, innbu og anlegg*

Gruppene sitt økonomiske ansvar;

Gruppene er sjølve ansvarleg for gruppa si daglege drift og skal;

- *Utarbeida egne budsjett for sin drift.*
- *Vedtaka gruppa sine treningsavgift/lisensar*
- *Ikkje budsjettere med underskot utan godkjenning frå hovudlaget*
- *Følgje rutinar og retningslinjer frå styret*
- *Bruke midlane på ein forsiktig måte og i samsvar med vedtak*
- *Sikra ei forsvarleg økonomistyring*
- *Følgja gjeldande fullmaktsmatrisa*

4.2 Lover og reglar

Lærdal IL er tilslutta Norges idrettsforbund (NIF) og plikter å følge NIFs lov. Lærdal IL har omsetning under 5 millionar kroner og følgjer Lov for Lærdal Idrettslag §11 når det gjeld rekneskap og revisjon.

Lærdal IL er også pliktig til å følge andre norske lover og reglar.

4.3 Budsjett

Hovudlaget og gruppene utarbeider budsjett til årsmøtet. Innholdet i budsjettet følger mal utarbeida av styret og omfattar alle hovudpostane i rekneskapen. Budsjettet vert vedteken på Lærdal IL sitt årsmøte og følges opp av styret gjennom året.

Budsjett for dei enkelte grupper skal alltid godkjennast av hovudstyret.

For å sikre god økonomistyring vert budsjetta registrert i rekneskapssystemet til rekneskapskontoret slik at rekneskapen kan samanliknast med årets budsjett, både overordna for idrettslaget og på gruppenivå.

Følgjande punkter er viktige ved budsjettering i idrettslaget:

Inntekter:

- *Avtaler,*
- *Sponsorkontrakter*
- *Medlemslister.*
- *Fjorårsregnskapet (årets) inntekt*
- *«Årshjulet» for å avdekke om det er ytterlegare nye aktivitetar som skaper inntekter.*

Kostnader:

- *Fjorårs (årets) kostnader*
- *Planlagde aktivitetar for kommande år*
- *Kontraktar (for eksempel husleige)*

Budsjettet skal være realistisk, og det skal ikkje gå i underskot med mindre det kan dekkas av positiv eigenkapital. Man må vedlegga ei forklaring om man set opp eit budsjett som går i underskot.

Ved usikkerheit brukast det beste estimatet som er tilgjengeleg på tidspunkt for budsjettarbeidet.

4.4 Rekneskap

Lærdal IL er rekneskapspliktig og følgjer Lovnorm for idrettslag §11

Fullmakter

Hovudstyret i Lærdal IL har delegert mynde til enkelte personar i laget. Ein oversikt over denne fullmaktsmatriisa vert utarbeida årleg og distribuert årleg

Leiar i styret styrer tilgangane i nettbanken

Rekneskapssystem

Lærdal IL nyttar rekneskapssystemet til rekneskapskontoret som laget har avtale med

Rekneskapsbilag

Alle grupper skal levere inn alle rekneskapsbilag to gonger i året; 01.september og 15.januar til rekneskapskontoret. For arrangement/aktivitetar/prosjekt bør

rekneskapsbilaga leverast med ein gong for å sikre god kontroll med aktiviteten og likviditet.

Årsrekneskap

Årsavslutninga skjer den 31.12 kvart år. Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap for heile laget, inkl gruppenes årsresultat, balanseoversikt.

Årsrekneskapen skal signerast av alle styret medlemmer og leggest fram i samband med årsmøtet i revidert versjon

Økonomisk mislighald

Økonomisk mislighald er felles namn for tjuveri, underslag i kasse og bank, korrupsjon, rekneskapsmanipulasjon, urettmessig belastning av private utgifter mm.

Om det er mistanke om økonomisk mislighald eller det vert avdekka økonomisk mislighald i laget skal det søkjast hjelp frå revisor/kontrollutval, idrettskrinsen, og/eller rekneskapsførar.

4.5 Finansiering/inntekter

Laget har følgjande inntekter

Medlemskontingent, treningsavgifter etc

Lærdal IL nyttar Min idrett, www.minidrett.no til administrering av medlemskapet. Innkreving av medlemskapet i LIL vert administrert av kasserer i hovudlaget ein gong i året.

Medlemsansvarleg i dei ulike gruppene er ansvarleg for at alle aktive er registrert i Min idrett, og at medlemsregisteret er til ein kvar tid oppdatert.

Medlemskontingenten vert fastsett av årsmøtet i løpet av mars månad for neste år.

Innkreving av treningsavgifter og lisensar vert administrert av kasserar i dei ulike gruppene.

Offentleg tilskot

Lærdal IL får tilskot og kompensasjon frå ulike offentlege ordningar, til dømes;

- *Mva-kompensasjon*
- *LAM (lokale aktivitetsmidlar)*
- *Grasrot/Norsk Tipping*
- *Lotteri/bingo/Link Bingo*
- *Lærdal kommune – kulturmidlar*
- *Spelemidlar til utstyr og anlegg*

Styret er ansvarleg for å følgje opp dei ulike ordningane

Kiosksal/kontantar

Kontantoppgjjer frå kiosksal vert følgt opp av kasserar i dei ulike gruppene.

Kontantkassa skal teljast etter kvar opningsdag og det skal dokumenterast i kassaoppgjersskjema som vert fylt ut med dato, salsoppgjjer med spesifikasjon av ulike typar sal, og eg eventuelle utlegg frå kassa skal dokumenterast med kvittering.

Oppgjeret vert signert med to ansvarlege personar. Ved levering teller kassaansvarleg og kasserer opp kontantar i fellesskap, sjå mal på heimeside.

Ved billett-, lotteri-, parkeringsinntekter og liknande nyttast same oppgjersprosedyre som ved kiosksal ovanfor.

Sal av varer/innbetalingar

Ved sal av varer og tenester skal det lagast faktura der fakturagrunnlaget vert spesifisert. Alle innbetalingar til laget skal dokumenterast, eventuelt også med grunnlag i inngåtte avtalar.

Dugnad

Dugnader er viktig inntektskjelde til laget. Inntektene frå dugnader i regi av gruppa skal inngå i den ordinære rekneskapen for gruppa, og disponerast av den aktuelle gruppa.

4.6 Utgifter/kostnader

Alle utbetalingar frå lagetets konto skal dokumenterast.

Kjøp frå leverandørar

Det er berre dei som har fullmakt i fullmaktsmatriisa som kan bestille varer/tenester på vegne av laget.

Inngåande faktura

Alle fakturaer skal vera stila til laget og alle mottatte fakturaer skal godkjennast av 2 ansvarlege personar som har fullmakt i fullmaktsmatriisa. Om faktura er stila til enkeltperson skal leverandøren kontaktast for å få ny faktura med korrekt tilstiling

Utgiftsrefusjon

Ved refusjon av utlegg skal bilaga/kvitteringane festast på laget sitt standard utgiftsrefusjonsskjema; [Link: www.laerdal-il.no](http://www.laerdal-il.no) (under fana Diverse). Formålet med utlegget skal alltid påførast.

Ved dekning av reise- og opphaldsutgifter skal det alltid påførast kven utgiftene gjelder og eventuelt kva arrangement den reisande har vore med på.

Utbetaling frå nettbanken

Alle betalte faktura skal attesterast av 2 personar, den som har bestilt vara og leiar eller i samsvar med fullmaktsmatria.

Kiosksal/kontanhandsaming

All kiosksal skal i hovudsak registrerast ved bruk av Vipps. Inntekter der betalingar er i kontantar skal settast inn i bank snarast mogeleg. Det skal ikkje utførast utbetalingar frå kontantkasse.

Utgiftsgodgjersle, lønn og ytelser

Utbetalinger inntil grensebeløpet (kr 10.000 per 01.01.24) for økonomisk kompensasjon er skattefrie.

Utbetalinger som overstiger grensebeløpet er oppgavepliktig. Idrettslaget registrerer alle utbetalinger av utgiftsgodtgjørelse i rekneskapssystemet og når grensa er overskriden vert dette innberetta til skattemyndighetene.

Bilgodtgjørelse

Det er tillatt å betale ut bilgodtgjørelse i tråd med statens reiseregulativ. Det er høve til å nytte lågare satsar etter vedtak i gruppestyret.

4.7 Kostnadsdekning for reiser/arrangement i lagets regi

Generelt

Den enkelte gruppe bør i samband med neste års budsjett sette opp ein oversikt over kva arrangement gruppa ønskjer å refundere, og kva den aktive utøvar må dekke sjølve. Ramma for refusjonskostnader bør stå i budsjettet.

Påmeldingskostnader

Gruppene bør i samband med neste års budsjett sette opp ein oversikt over kva som dekkes av påmeldingsavgifter. Ramma for påmeldingsutgifter bør stå i budsjettet. Den aktive utøvar som ikkje møter opp til arrangementet vedkommande er påmeldt til, og som ikkje har gyldig fråfall, kan belastast avgifta i sin heilheit. Dette gjeld for alle typar arrangement. Dette gjeld også eventuelt andre kostnader som laget har betalt i forkant.

Prinsipp for refusjon ved overnatting og resiser

- Det er utøvar/leiar frå Lærdal IL som får dekka refusjon
- Det skal søkast mest mogeleg rimeleg overnatting med alminneleg god standard
- Det skal søkjast å velje rimelegaste mogeleg reisealternativ, men den skal gjennomførast på ein forsvarleg og trygg måte

4.8 Retningslinjer for kostnadsdekking av reiser frå hovudlaget

Generelt

Vanleg utgiftsrefusjon for reiser følgjer retningslinjene ovanfor. Kva reiser og arrangement som dei ulike gruppene vel å utbetale refusjon for vert vedtekne av gruppestyret og handsama i budsjettet for den aktuelle gruppa. Følgjande retningslinjer gjeld for refusjon av kostnader eller deler av kostnader ved deltaking på eksterne arrangement som kan dekkast over hovudlagets budsjett etter søknad

Årsmøtet vedtek årleg kor stort beløp som skal settast av til dekking av reiser frå hovudlaget.

Følgjande arrangement kan dekkast/refunderast over hovudlagets budsjett;

- Norgesmeisterskap
- Europameisterskap
- Verdsmeisterskap
- Olympiske leiker

Følgjande generelle prinsipp vert lagt til grunn for refusjon;

- Det er aktive deltakarar under 19 år, som er teken ut til EM eller VM som kan søkja om refusjon om tilskot på inntil kr 5.000 per meisterskap
- Den som søker om refusjon skal vera busett i Lærdal kommune og må ha vore medlem i Lærdal IL i minimum 3-år, og representere Lærdal IL
- Det er ein føresetnad av søkjar/gruppa sjekkar kostnaden i forkant, og at rimelegaste alternativ vert lagt til grunn for søknaden
- Forelder/føresette må sjølv dekke evt reiser og opphald
- Lærdal IL skal ha originale kvitteringar etter reisa slutt og rett utfylt reiserekning dannar grunnlag for utbetaling
- Det vert ikkje utbetalt forskot frå hovudlaget

Søknad om dekking av utgifter må vera innstilt i frå gruppestyret. Gruppestyre skal i sin vurdering legge vekt på treningsiver, haldningar og den aktive framtidige potensial. Gruppa er ansvarleg for påmelding av sine utøvarar innan fristane for arrangementet

4.9 Forsikringar av aktive utøvar

Alle born som er medlemmer av lag tilslutta NIF er forsikra gjennom NIF fram til den datoen dei fyller 13 år. Dei ulike gruppene har ulike forsikringsordningar for dei som er over 13 år. Her må utøvar må vera medlem av Lærdal IL og vera registrert som aktiv i den aktuelle idretten/gruppa.

Kort om forsikringa for medlemmer opp til den dagen dei fyller 13 år:

- *Gjeld medlemer av lag tilslutta NIF*
- *Deltakar på idrettsskuler godkjent av NIF*
- *Born som ikkje er medlem av lag/klubb som deltar i organisert aktivitet i klubbens/lagets regi.*
- *Barn med nedsett funksjonsevne omfattast også av forsikringa*
- *Flyktingar/asylsøkar omfattast av dekninga for behandlingsutgifter, sjølv om dei ikkje er medlem av norsk folketrygd*
- *Trenar, leiar og dommarar som bidreg ved organisert aktivitet for barn under 13 år.*
- *Forsikringa gjelder i hele verden*

Kva forsikringa gjelder:

a) *Idrettsskade er skade på legemet som oppstår plutselig og uforutsett og som inntreffe i forsikringstida i samband med organisert idrettsutøving*

b) *Ulykkesskade er skade på legemet forårsake ved en plutselig ytre fysisk hending - ulykkestilfelle - som inntreffe i forsikringstida ved reise og opphald i samband med organisert idrettsutøving.*

Kvar og når forsikringa gjelder:

- *Forsikringa gjelder under organisert idrettsutøving av den idrett som forsikringsavtalen omfattar, samt under treningsøvelse som naturlig høyrer saman med denne i regi av klubben.*

Sjå meir informasjon på; [Barneidretts- og klubbforsikring \(idrettsforbundet.no\)](http://idrettsforbundet.no)

Kap 5 Profilhandbok til Lærdal Idrettslag

5.1 Profilen vår

Den visuelle profilen er vårt ansikt utad. Det er utarbeida eiga profilhåndbok som supplement til klubbhandboka, sjå detaljar i denne.

Formålet med profilhandboka er å skape eit felles grunnlag og reglar for alle klubben sine medlemmar og undergrupper, og forståing i forhold til korleis klubben skal profilere seg. Det er viktig at alle gruppene i Lærdal IL er samla om profilen til laget, dette vil virke positivt utad og styrke samhaldet i laget.